



Ditt val!

Vidaregåande opplæring 2017–2018

Idrettsfag • Kunst, design og arkitektur

Medium og kommunikasjon

Musikk, dans og drama • Studiespesialisering

Bygg- og anleggsteknikk

Design og handverk / medieproduksjon

Elektrofag • Helse- og oppvekstfag • Naturbruk

Restaurant- og matfag • Service og samferdsel

Teknikk og industriell produksjon





Kva er vidaregåande opplæring?

- Inngangsport til yrkeslivet og til vidare studium
- Studieførebuande og yrkesfagleg opplæring:
 - Studieførebuande opplæring legg mest vekt på teoretisk kunnskap (gir studiekompetanse)
 - Yrkesfagleg opplæring fører fram til eit yrke (gir yrkeskompetanse med eller utan fagbrev eller sveinebrev)

Alt om vidaregåande opplæring finn du på vilbli.no

Kva er vidaregåande opplæring?

Du kan oppnå studie- eller yrkeskompetanse

Studieførebuande opplæring fører fram til studiekompetanse

Vidaregåande
trinn 1 i skole

Vidaregåande
trinn 2 i skole

Vidaregåande
trinn 3 i skole

Høgare utdanning
ved høgskole/universitet

Påbygging til
generell studie-
kompetanse

Påbygging til
generell studie-
kompetanse

Yrkesfagleg opplæring fører fram til yrkeskompetanse (med eller utan fag-/sveinebrev)

Vidaregåande
trinn 1 i skole

Vidaregåande
trinn 2 i skole

Vidaregåande
trinn 3 i skole

Yrke og arbeidsliv
eller fagskoleutdanning

Opplæring i bedrift

10.
trinn

1. år

2. år

3. år

4. år

13 utdanningsprogram


5 studieførebuande

- Idrettsfag
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialisering

13 utdanningsprogram

8 yrkesfaglege

- Bygg- og anleggsteknikk
 - Design og handverk, med to alternativ på Vg1:
 - Design og handverk
 - Medieproduksjon
 - Elektrofag
 - Helse- og oppvekstfag
 - Naturbruk (med eitt studieførebuande Vg3)
 - Restaurant- og matfag
 - Service og samferdsel
 - Teknikk og industriell produksjon
- + Påbygging til generell studiekompetanse på Vg3 eller etter yrkeskompetanse




Generell studiekompetanse

- **Generell** studiekompetanse er det faglege grunnlaget for å søkje opptak til universitet og høgskolar
- Til visse studium er det **spesielle opptakskrav**. Ofte blir det stilt krav om spesielle fag eller fagkombinasjonar, oftast realfag
- Somme studium har opptaksprøve
- Du får vitnemål som dokumentasjon på studiekompetanse

Generell studiekompetanse

Studieførebuande opplæring fører fram til studiekompetanse



Oppnår ein ved å fullføre og bestå tre års vidaregåande opplæring frå utdanningsprogram for:

- Idrettsfag
- Kunst, design og arkitektur
- Medium og kommunikasjon
- Musikk, dans og drama
- Studiespesialisering
- Naturbruk med studieførebuande Vg3


Yrkeskompetanse

har du når du er utdanna til å utøve eit yrke

- Du får vitnemål som dokumentasjon når du har
 - fullført og bestått tre års fastsett opplæring i skole
- Du får vitnemål som dokumentasjon når du har
 - fullført fag og bestått fastsett opplæring i skole
(det finst unntak frå kravet om bestått)
 - fullført den fastsette opplæringstida i bedrift
 - bestått fagprøva eller sveineprøva ved slutten av læretida
(då får du òg fag- eller sveinebrev)
- Når du har yrkeskompetanse, kan du gå vidare på fagskole
- Fag- eller sveinebrev gir grunnlag for meisterbrev


Yrkeskompetanse

Yrkesfagleg opplæring fører fram til yrkeskompetanse (med eller utan fag-/sveinebrev)



- Yrkeskompetanse *utan* fagbrev eller sveinebrev får du i yrkesfag som ikkje høyrer inn under lærefaga
- Yrkeskompetanse *med* fagbrev eller sveinebrev får du i lærefag frå dei 8 yrkesfaglege utdanningsprogramma

Påbygging til generell studiekompetanse



Generell studiekompetanse kan du oppnå ved å fullføre og bestå Vg3 påbygging til generell studiekompetanse etter at du har

- fullført og bestått Vg1 og Vg2 frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram eller
- oppnådd yrkeskompetanse (med eller utan fag- eller sveinebrev).

Fag- og timefordeling

- I alle utdanningsprogram har du fellesfag, til dømes norsk, engelsk, matematikk og naturfag
- I studieførebuande utdanningsprogram har du i tillegg
 - programfag som høyrer til programområdet du har valt
 - programfag som du kan velje frå eige programområde eller frå eit anna programområde i studieførebuande utdanningsprogram
- I yrkesfaglege utdanningsprogram har du i tillegg
 - felles programfag som høyrer til programområdet ditt
 - yrkesfagleg fordjuping som du kan bruke til
 - fordjuping i aktuelle lærefag/yrkesfag
 - fellesfag frå Vg3 påbygging til generell studiekompetanse
 - fellesfag i framandspråk
 - programfag frå studieførebuande utdanningsprogram

Fag- og timefordeling

Utdanningsprogram for idrettsfag

Vg1	Vg2	Vg3
Fellesfag 646 årstimar	Fellesfag 504 årstimar	Fellesfag 365 årstimar
	Felles programfag 336 årstimar	Felles programfag 476 årstimar
Felles programfag 196 årstimar		
Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling

Utdanningsprogram for kunst, design og arkitektur

Vg1	Vg2	Vg3
Fellesfag 702 årstimar	Fellesfag 560 årstimar	Fellesfag 421 årstimar
	Felles programfag 280 årstimar	Felles programfag 280 årstimar
Felles programfag 280 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 280 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling

Utdanningsprogram for medium og kommunikasjon

Vg1	Vg2	Vg3
Fellesfag 702 årstimar	Fellesfag 560 årstimar	Fellesfag 421 årstimar
	Felles programfag 280 årstimar	Felles programfag 280 årstimar
Felles programfag 280 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 280 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling

Utdanningsprogram for musikk, dans og drama

Vg1	Vg2	Vg3
Fellesfag 646 årstimar	Fellesfag 504 årstimar	Fellesfag 365 årstimar
	Felles programfag 336 årstimar	Felles programfag 476 årstimar
Felles programfag 140 årstimar		
Valfrie programfag 196 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling

Utdanningsprogram for studiespesialisering

Vg1 studiespesialisering

Vg2 og Vg3 realfag eller språk, samfunnsfag og økonomi

Vg1	Vg2	Vg3
Fellesfag 842 årstimar	Fellesfag 420 årstimar	Fellesfag 421 årstimar
	Programfag frå eige programområde 280 årstimar	Programfag frå eige programområde 280 årstimar
	Valfritt programfag 140 årstimar	Valfritt programfag 140 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling på Vg1

Studieførebuande utdanningsprogram

Vg1 idrettsfag

Fellesfag (646 årstimar)

- 113 Norsk
- 140 Engelsk
- 140 Matematikk
- 140 Naturfag
- 113 Framandspråk

Felles programfag (196 årstimar)

Valfrie programfag (140 årstimar)

Kroppsøving blir dekt av
programfaga

Totalt 982 årstimar

Valfrie programfag kan du velje frå

- ditt eige programområde
- eit anna programområde i studieførebuande utdanningsprogram

Vg1 kunst, design og arkitektur

Fellesfag (702 årstimar)

- 113 Norsk
- 140 Engelsk
- 140 Matematikk
- 140 Naturfag
- 113 Framandspråk
- 56 Kroppsøving

Felles programfag (280 årstimar)

Totalt 982 årstimar

Vg1 medium og kommunikasjon

Fellesfag (702 årstimar)

- 113 Norsk
- 140 Engelsk
- 140 Matematikk
- 140 Naturfag
- 113 Framandspråk
- 56 Kroppsøving

Felles programfag (280 årstimar)

Totalt 982 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Skoleeigar kan flytte heile fag mellom trinn.

Fag- og timefordeling på Vg1

Studieførebuande utdanningsprogram

Vg1 musikk, dans og drama

Fellesfag (646 årstimar)

- 113 Norsk
- 140 Engelsk
- 140 Matematikk
- 140 Naturfag
- 113 Framandspråk

Felles programfag (140 årstimar)

Valfrie programfag (196 årstimar)

Kroppsøving blir dekt av programfaga

Totalt 982 årstimar

Valfrie programfag kan du velje frå

- ditt eige programområde
- eit anna programområde i studieførebuande utdanningsprogram

Vg1 studiespesialisering

Fellesfag (842 årstimar)

- 113 Norsk
- 140 Engelsk
- 140 Matematikk
- 140 Naturfag
- 84 Samfunnsfag
- 56 Geografi
- 113 Framandspråk
- 56 Kroppsøving

Totalt 842 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Skoleeigar kan flytte heile fag mellom trinn.

Fag- og timefordeling

Yrkesfaglege utdanningsprogram

Vg1	Vg2	Opplæring i bedrift
Fellesfag 336 årstimar	Fellesfag 252 årstimar	Normal arbeidstid
Felles programfag 477 årstimar	Felles programfag 477 årstimar	
Yrkesfagleg fordjuping 168 årstimar	Yrkesfagleg fordjuping 253 årstimar	

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.

Fag- og timefordeling

Yrkesfaglege utdanningsprogram

Vg1 yrkesfaglege utdanningsprogram

Fellesfag (336 årstimar)

- 56 Norsk
- 84 Engelsk
- 84 Matematikk
- 56 Naturfag
- 56 Kroppsøving

Felles programfag (476 årstimar)

Yrkesfagleg fordjuping (168 årstimar)

Totalt 981 årstimar

Timetala er oppgitt i 60-minutts einingar.
Skoleeigar kan flytte heile fag mellom trinn.

Yrkesfagleg fordjuping kan du bruke til

- fordjuping i aktuelle lærefag/yrkesfag
- fellesfag frå Vg3 påbygging til generell studiekompetanse
- fellesfag i framandspråk
- programfag frå studieførebuande utdanningsprogram

Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram

Fellesfag (252 årstimar)

- 56 Norsk
- 56 Engelsk
- 84 Samfunnsfag
- 56 Kroppsøving

Felles programfag (476 årstimar)

Yrkesfagleg fordjuping (253 årstimar)

Totalt 982 årstimar

Opplæring i bedrift

eller

Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Fellesfag (702 årstimar)

- 281 Norsk
- 140 Matematikk
- 84 Naturfag
- 140 Historie
- 56 Kroppsøving

Programfag (140 årstimar)

frå utdanningsprogram for studiespesialisering

Totalt 841 årstimar

Gratis læremiddel og utstyr

Alle elevar på Vg1, Vg2 og Vg3 får:

- Gratis trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr.

- Ikkje-behovsprøvd utstyrsstipend frå Lånekassen.

Dette gjeld elevar med ungdomsrett, men ikkje lærlingar, lærekandidatar eller praksisbrevkandidatar.

Stipendsatsane varierer mellom utdanningsprogramma (frå 991 til 3666 kroner skoleåret 2016–2017).

Når du søker om utstyrsstipend, sjekkar Lånekassen automatisk om du også kan ha rett til andre stipend.

- Les meir på www.lanekassen.no


Berbar PC

- Legg skolen opp opplæringa slik at du må bruke pc både på skolen og heime, skal skolen halde deg med berbar pc.
- Skolen kan krevje ein årleg eigendel for pc-en.
- Eigendelen skal ikkje overstige lågaste sats for utstyrsstipend.
- Etter fullført vidaregåande skole skal du då få behalde pc-en.
- Fullfører du ikkje opplæringa, skal du få tilbod om å kjøpe pc-en.
- Samla betaling skal då ikkje overstige tre gonger minstesats for utstyrsstipend på tidspunktet for avbrot.
- I nokre fylke kan du få tilbod om å bruke eigen pc og/eller å kjøpe pc etter spesiell avtale. Du vil få nærare informasjon før skolestart.

Kva rettar har du?

Du som går ut av grunnskolen, har rett til

- tre års vidaregåande opplæring
 - i løpet av ein samanhengande periode på
 - fem år dersom opplæringa går føre seg i skole
 - seks år dersom heile eller delar av opplæringa går føre seg i bedrift
 - men du må fullføre innan utgangen av det året du fyller 24 år
- å fullføre opplæring som etter læreplanen varer i meir enn tre år
- eitt års påbygging til generell studiekompetanse etter bestått yrkeskompetanse (med eller utan fag-/sveinebrev)
 - du må fullføre dette ekstraåret innan utgangen av det året du fyller 24 år for å få det innanfor ungdomsretten



Kva rettar har du?

Du som går ut av grunnskolen, har rett til

- inntak på Vg1 i eitt av tre utdanningsprogram
 - men du må søkje i prioritert rekkjefølgje: 1 – 2 – 3
- inntak på eit Vg2 som byggjer på det Vg1 du har valt
 - men du har ikkje krav på å få det programområdet du prioriterer

Kva rettar har du?

Du som går ut av grunnskolen, har rett til

- eitt års utvida rett til opplæring ved eitt omval
 - men du må velje om att på same nivå for å kunne fullføre innanfor retten
- to pauseår undervegs i vidaregåande opplæring
 - men du må rekke å fullføre opplæringa innan utgangen av det året du fyller 24 år

Kva rettar har du?

Du som går ut av grunnskolen, har rett til

- utdannings- og yrkesrådgiving
- sosialpedagogisk rådgiving
- rettleiing og hjelp frå pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
- rettleiing og hjelp frå oppfølgingstenesta (OT) til og med det året du fyller 21 år dersom du
 - ikkje søker opplæringsplass
 - ikkje tek imot opplæringsplass
 - avbryt opplæringa før ho er fullført
 - ikkje er i fast arbeid
 - taper opplæringsretten

Kva for plikter har du?

Du som søker om plass i vidaregåande opplæring må

- svare på tilbod om plass og/eller venteliste plass – elles risikerer du å miste tilbodet
- møte første skoledag, eller melde frå om du ikkje kan møte – elles risikerer du å miste plassen

Kva for plikter har du?

Du som har plass i vidaregåande opplæring må

- levere dokumentasjon for fråvær som ikkje skal først på vitnemålet eller kompetansebeviset – dette gjeld for fråvær i inntil 10 dagar i spesielle tilfelle og etter spesielle reglar som du får nærare informasjon om av skolen din.
- møte til undervisninga. Ugyldig eller udokumentert fråvær kan føre til at det ikkje er grunnlag for karakter i enkeltfag. Som hovudregel vil meir enn 10 % udokumentert fråvær føre til at du ikkje får karakter i faget.
- delta aktivt i opplæring og vurderingssituasjonar slik at læraren får grunnlag for å vurdere kompetansen din.
- delta aktivt i vurderinga av ditt eige arbeid, din eigen kompetanse og di eiga utvikling.
- følgje ordensreglementet til skolen.



Samarbeid med foreldre

Vidaregåande skolar skal halde kontakt med foreldra til umyndige elevar gjennom heile opplæringsåret. Det skal skje ved

- informasjonsmøte ved starten av skoleåret (Vg1 og Vg2)
- samtale med kontaktlæraren (Vg1 og Vg2)
- informasjon om rettar
- varsel om elevens fråvær
- annan informasjon om eleven

Når eleven har fylt 18 år, skal foreldra ikkje lenger informerast utan samtykke frå eleven.

Kvar kan du gå på skole?

- Primært skolar i eige fylke
 - men ingen fylke tilbyr alle programområda
- Skolar i nabofylke
 - for spesielle tilbod som fylka samarbeider om
- Skolar med landslinjer og landsdekkjande tilbod
 - kan søkjast same kvar i landet du bur
 - karakterane dine avgjer om du kjem inn
- Skolar i andre fylke enn ditt eige
 - dersom heimfylket ditt kjøper plass til deg

Oversikt over tilboda ved skolane finn du på vilbli.no

Kvar kan du gå på skole?

- Statlege skolar
 - samiske vidaregåande skolar
- Friskolar
 - du må rekne med å betale skolepengar
 - friskolar (frittståande skolar med statstilskot) er godkjende av Utdanningsdirektoratet
- Skolar i utlandet
 - norske friskolar i utlandet
 - utanlandske skolar



Korleis søker du?

- Du søker og svarar på vigo.no, logg inn med MinID
- Søknadsfrist:
 - 1. mars for ordinært inntak
 - 1. februar ved søknad om fortrinnsrett eller individuell behandling
- Sjekk at mobilnummer, e-postadresse og adresse er riktig på vigo.no
- I sommar får du påminning via SMS når du skal svare på tilbud om plass/venteliste plass på vigo.no

Kva er MinID?

MinID er éin av fire elektroniske ID-ar du kan velje mellom når du skal logge inn på offentlege tenester på Internett (blant anna vigo.no).

Tips!

Test at du får til å logge inn på vigo.no med MinID i god tid før søknadsfristen!

Hjelp til MinID?

Kontakt brukarstøtte
800 30 300
brukerstotte@difi.no

Les meir på vilbli.no

* Har du ikkje mobiltelefon må du bruke PIN-kodar frå kodebrevet kvar gong du skal logge inn på vigo.no med MinID

Korleis bruker du MinID?

- Du får brev med PIN-kodar til MinID til den folkeregistrerte adressa di ved årsskiftet (dersom du ikkje har brukt MinID tidlegare)
- **Første gong** du bruker MinID treng du:
 - fødselsnummer (11 siffer)
 - PIN-kodar frå kodebrevDu legg inn sjølvvalt passord, mobilnummer* og e-postadresse
- **Neste gong** du bruker MinID treng du:
 - fødselsnummer
 - sjølvvalt passord
 - kode som kjem på SMS*




Nyttige tips og råd

- Det er ditt val!
- Du finn all informasjon om søknad, svar og fristar på vilbli.no
- Du søker og svarar på www.vigo.no
 - Ta godt vare på PIN-kodebrevet
 - Hugs passordet ditt til MinID
- Hugs søknadsfristane
- Set alltid opp tre alternative Vg1
 - i tre ulike utdanningsprogram
- Om du angrar på vala dine
 - kontakt rådgivar eller inntakskontoret

Nyttige tips og råd

- Gjer deg kjend med tidsplanen for inntaket
- Hald svarfristane. Er du ikkje heime
 - svar på førehand på www.vigo.no
 - syt for at andre svarar for deg
- Du kan miste plassen dersom du
 - ikkje svarar til rett tid
 - ikkje møter første skoledagen
- Hugs klagefristen 3 veker etter at du fekk inntaksmeldinga
- Legg ved opplysningar som kan ha noko å seie for inntaket eller opplæringa
 - ingen kan ta omsyn til noko dei ikkje veit om



Strukturkart

Sjå strukturkartet på vilbli.no
eller hent [oppdatert strukturkart](#)
i pdf-format.



Meir informasjon

- Alt om vidaregåande opplæring finn du på vilbli.no
- Spør rådgivar på skolen din
- Kontakt inntakskontoret
- Gå på yrkes- og utdanningsmesser
- Besøk vidaregåande skolar
- Snakk med ulike yrkesutøvarar

Lykke til med valet ditt!



Spesielle tilhøve

- Søknad om fortrinnsrett eller individuell behandling *(side 39 og 40)*
- Heile eller ein større del av opplæringa i bedrift *(side 41 og 42)*
- Grunnkompetanse *(side 43 og 44)*
- Minoritetsspråklege *(side 45, 46 og 47)*
- Vaksne *(side 48 og 49)*

Søknad om fortrinnsrett til inntak

På grunnlag av sakkyndig vurdering kan du søke om fortrinnsrett

- til eit særskilt utdanningsprogram dersom du har eit omfattande behov for spesialundervisning og dette har svært mykje å seie for at du skal kunne fullføre vidaregåande opplæring
- til eitt av tre utdanningsprogram på ein skole som er særskilt tilrettelagd dersom du har rett til spesialundervisning og har sterkt nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne
- til eitt av tre utdanningsprogram dersom du søker opplæring i eit teiknspråkleg miljø (knutepunktskole) eller om tolk i ordinær opplæring

Får du fortrinnsrett, blir du teken inn utanom poengberekninga.

Søknadsfrist er **1. februar**

Søknad om individuell behandling ved inntak

Du skal ikkje takast inn etter poeng, men etter ei individuell vurdering dersom du

- har hatt rett til spesialundervisning og manglar karakter i meir enn halvparten av faga
- har hatt rett til særskilt språkopplæring og manglar karakter i meir enn halvparten av faga
- manglar karakter i meir enn halvparten av faga av andre årsaker
- ikkje har talkarakterar eller samanliknbart karaktergrunnlag
- må behandlast individuelt av andre særlege grunnar, for eksempel at du nettopp har komme til Noreg

Søknadsfrist er **1. februar**

Heile eller ein større del av opplæringa i bedrift

Opplæring i bedrift eller skole/bedrift – alle lærefag – minst 4 år



Fylkeskommunen kan godkjenne at

- du inngår lærekontrakt/opplæringskontrakt rett etter grunnskolen
- du avbryt opplæringa i vidaregåande skole og inngår lærekontrakt/opplæringskontrakt tidlegare enn læreplanen fastset
- opplæringa i skole og bedrift blir teken i ei anna rekkjefølgje enn det læreplanen fastset

Heile eller ein større del av opplæringa i bedrift

- Opplæringa i programfag
 - kan gå føre seg berre i bedrift
 - kan veksle mellom bedrift og skole
- Opplæringa i fellesfag og i delar av programfaga som er aktuelle for eksamen
 - må gjennomførast i løpet av læretida
 - går vanlegvis føre seg i eigne grupper i vidaregåande skole
 - kan gå føre seg i bedrift

Grunnkompetanse

- Grunnkompetanse har du når du ikkje oppnår full studie- eller yrkeskompetanse etter tre (eventuelt fem) år med vidaregåande opplæring.
- Skolen og PP-tenesta hjelper deg med å planleggje opplæringsløpet ditt.
- Du kan seinare gjennomføre meir opplæring med sikte på studie- eller yrkeskompetanse. Ein opplæringskontrakt kan i visse høve endrast til lærekontrakt i løpet av læretida.
- Du får kompetansebevis som dokumentasjon på den opplæringa du har fullført.

Grunnkompetanse

- Planlagd grunnkompetanse får du
 - som elev i skole
 - som lærekandidat med opplæringskontrakt i bedrift
- dersom du
 - ved starten av opplæringa veit at du kjem til å få vanskar med å oppnå full studie- eller yrkeskompetanse
 - undervegs i opplæringa oppdagar at du ikkje når dei måla du hadde sett deg, og endrar måla dine
- Ikkje planlagd grunnkompetanse får du
 - dersom du fullfører, men ikkje består, tre (eventuelt fem) års opplæring med sikte på yrkes- eller studiekompetanse

Minoritetsspråklege

Du som høyrer til ein språkleg minoritet, har dei same rettane som norsk ungdom dersom du

- har gyldig opphaldsløyve i Noreg
- har gjennomført norsk grunnskole eller tilsvarande

Du som oppheld deg lovleg i Noreg og ventar på vedtak om opphaldsløyve

- har rett til vidaregåande opplæring dersom du er under 18 år og det er sannsynleg at du blir her i meir enn tre månader
- har rett til å fullføre påbegynt skoleår dersom du fyller 18 år i løpet av skoleåret

Får du avslag, gjeld retten fram til endeleg vedtak.

Minoritetsspråklege

Har du eit anna morsmål enn norsk eller samisk, har du rett til

- særskilt norskopplæring inntil du har tilstrekkelege ferdigheiter til å følgje den vanlege opplæringa i skolen

Om naudsynt har du også rett til

- morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring
- Særskilt norskopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring skal givast ved din eigen skole. Morsmålsopplæring kan leggjast til ein annan skole.
- Når morsmålsopplæringa ikkje kan givast av eigna personale, skal fylkeskommunen leggje til rette for anna opplæring som er tilpassa føresetnadene dine.

Minoritetsspråklege

Du får utvida rett til vidaregåande opplæring (inntil fem år) dersom du

- tek eit spesielt innføringsår / førebuande år for minoritetsspråklege før Vg1
- etter sakkunnig vurdering har rett til særskilt språkopplæring

Vaksne

Frå og med det året du fyller 25 år, har du som er vaksen og som har fullført grunnskolen, men ikkje har fullført vidaregåande opplæring, rett til

- opptil tre års vidaregåande opplæring, og rett til å fullføre opplæring som etter læreplanen varer i meir enn tre år
- å få kartlagt realkompetansen din i forhold til den sluttkompetansen du ønskjer
- å få starte vidaregåande opplæring frå det nivået du er på
- gratis trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr

Vaksne med rett til vidaregåande opplæring

- skal primært takast inn til opplæring som er spesielt organisert for vaksne
- kan takast inn til ordinær opplæring, men blir då prioriterte etter ungdom med rett til vidaregåande opplæring

Den vidaregåande opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene dine.

Vaksne

Som vaksen kan du ha rett til påbygging til generell studiekompetanse når du har oppnådd yrkeskompetanse (med eller utan fag-/sveinebrev).

Vilkåra er at du

- har fullført og bestått fag- og yrkesopplæring i 2014 eller seinare og
- gjorde dette innan utgangen av det året du fylte 24 år, uavhengig av om du då hadde ungdomsrett eller ikkje

Oppfyller du desse vilkåra, har du rett til å ta påbygging til generell studiekompetanse når som helst.

Praksiskandidatar og dei som ikkje har bestått alle fellesfag, har ikkje rett til påbygging til generell studiekompetanse.